



Audrius Sirputis  
Vahaugen 3  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3065 - 18/9481

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
20.03.2018

## Tiltaket er ikkje ulovleg - gbnr 212/120 Eikanger øvre

Tiltak: mogeleg ulovleg tiltak  
Byggjestad: Gbnr: 212/120 Vahaugen 3

Det vert vist til brev av 20.12.17 der kommunen oppmoda om at det vart gjort greie for tilhøva knytt til oppført garasje på eigedommen.

I brev av 11.01.18 er det gjort greie for tiltaket og sendt inn dokumentasjon til saka.

Kommunen har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på at det opprinnleig låg føre løyve til oppføring av garasje frå 2007. Av motteke utgreiing finn kommunen grunn til å tru at arbeidet med oppføring av garasje var igangsatt før løyvet gjekk ut og at løyvet difor fortsatt gjaldt når garasjen vart ferdigstilt.

Når det gjeld adkomst til eigedommen går det klart fram at avkjørsle er etablert i samsvar med byggjeløyvet som vart gjeve ved oppføring av bustad. Om ein ynskjer innsyn i byggesaka kan de sende innsynsførespurnad til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) og be om innsyn. Av motteke dokumentasjon i brev av 11.01.18 ser det også ut til at dette forholdet er avklart privatrettsleg ved sameigeavtale av 07.10.10 utan at kommunen har teke stilling til dette i vurderinga.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3065

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Atle Kålås

Audrius Sirputis

Petter Rikstad

Vahaugen 3

5913

EIKANGERVÅG